

MØTEPROTOKOLL

Herdla sokneråd

Råd	Møtedato	Tidspunkt
Herdla sokneråd	14.november 2013	frå kl 19.00 - til 21.30
Sak frå : 57/2013 Sak til: 62/2013		<u>Møtestad:</u> Kyrkjelydshuset

Frammøtte: 5 av 8 medlemar

Til stades

Medlemer:

Karen Skråmestø, Kjell Berland, Jonas Bratli, Kjellaug Fauskanger Eidsaa, Astrid Marie Haugland.

Varamedlem:

Bente Breivik

Meldte forfall: Helge Heggernes, Therese Ellingsund

Administrasjonen:

Andre frammøtte:

Underskrifter:

.....
.....
.....

Referat frå møte 23.oktober vart godkjent.

Sak nr/år

57/ 2013 Meldingar

- Takkebrev frå to nittiårsjubilarantar for blomehelsing.
- Takkebrev for kollekt til Midthordland Indremisjon.
- Brosjyre om ny Norsk Salmebok.

58/ 2013 Gudstenesteliste er ok.

59/ 2013 Jubiléumsgudsteneste m.m. Herdla kyrkje 150 år.

Konsert i Herdla kyrkje **søndag 17.11 kl.18.00.** Karen ønskjer velkommen, og gjer ordet til Terje Haugom, som tek over. Offer til flygelet ved utgangen. Karen takkar organisten, og overrekkjer han jubiléumboka + ein blomst. Jonas sel bøker ved utgangen.

Utdeling av program.

Konsert nr.2 vert **fredag 22.november** kl.20.00 i Herdla kyrkje. Dette er ein konsert for dei unge. Jonas sel billetter, kr.100. Det vert delt ut blomstrar.

Laurdag 23.november vert det pilgrimsvandring frå Fromreide til Herdla. Sjå eige program.

Jubiléumsgudstenesta vert **24.november kl.11.00.** Prosesjon av prestar. Kyrkjekaffi.

Kjellaug tingar kaker frå Trigger. Bente og Kjellaug lagar kaffi på kyrkjelydshuset før gudstenesta. Ordne til på laurdag: Karen og Kjell.....Soknerådet har ansvar for kyrkjekaffien, Vi pyntar borda med dukar og blomstrar. Tar med skeier frå kyrkjelydshuset. Kjellaug kjøper inn te, saft, kaffi, serviettar, sukettar og sukkerbitar.

Karen sørgjer for vekslepengar.

Middag på Biologen kl.13.15

Martin les samlingsbøna, Martin les kunngjeringar.

Kjellaug spør Martin og Therese om å rydde opp i kyrkja etter middagen.

60/ 2013 Oppussing av toalettet i bårehuset.

Tysdag 19.11 skal Jonas og Ivar mala vegger og golv på dametoalettet i bårehuset. Karen spør om Håkon kan kjøpe maling som passar til murveggar og murgolv.

61/ 2013 Møte – og køyreliste.

Dei som hadde med møte-og køyreliste leverte dei til Karen.

62/ 2013 Eventuelt.

Soknerådet går inn for glassmaleriet vi har fått sett på.

Soknerådet går inn for å lage eit «vedtak» om å byggje ut bårehuset til kyrkjelydshus.

Dette vil bli sendt inn til fellesrådet og kyrkjeverje.

Neste møte vert onsdag 4.desember 2013.

Lille Fauskanger 15.11.2013

Kjellaug Fauskanger Eidsaa

Skrivar (sign)